

RADØY IDRETTSLAG
c/o Olav Steinar Namtvedt Slettevegen 815
5939 SLETTA

Dato	05.12.2022
Vår referanse	2022/94101-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - reiskapshus - fv. 5488 - gnr. 498 bnr. 81 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 11.11.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å byggje garasje/reiskapshus for lagring av utstyr til bruk på fotballbana.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5488 Hellandsvegen for å oppføre garasje/reiskapshus på gnr. 498 bnr. 81 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 10.11.2022.
2. Avstanden frå garasje/reidskapsbod (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5488 Hellandsvegen skal vera minst 37 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5488.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 600. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)* jf. *Rammeplan 2021-2024*.

Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med siktliner eller bruken av fylkesvegen. Søker opplyser at med dette nye bygget til lagring av utstyr vil ein unngå transport frå andre sida av fylkesvegen. Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til etablering av tiltaket som er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 situasjonsplan_Situasjonsplan_garasje_498_81.png

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4